



Morten Christensen  
Vågenesvegen 100b  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8208 - 23/24402

Saksbehandlar:  
Mikkel Bengtsson  
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:  
28.03.2023

## **Viltfond, støtte frå kommunal viltfond, gbnr. 430/9, Vågenes**

**Administrativt vedtak: Saknr. 338/23**

### **VEDTAK:**

Med heimel i forskrift om kommunale viltfond §5 løyver Alver kommunes viltfond kr. 15.000 til hjortegjerde til Morten Christensen, hovudbruk gbnr. 430/9.

-gjerdet skal brukast til omsøkt formål og skal vere i garden si eige i minimum 10 år.

-Tilskotet utbetalast når bankkonto- og org. nummer vert sendt til kommunen.

Vedtaket om fordeling av midlar frå viltfondet er ikkje eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova kap. VI, men inngår som eit ledd i disponeringa av kommunens midlar. Vedtaket kan såleis ikkje klagast på.

### **Saka gjeld:**

Morten Christensen søker i brev dagsett 14.03.2023 om tilskott frå det kommunale viltfondet i Alver kommune. Det vert søkt om tilskott til innkjøp av sikringsgjerde til beskyttelse av rundballar imot skada av hjort. Omfanga av hjorteskader på rundballar har auka på lagringsplassen på Rikstad. Søkjar har oppmagasinert rundt 200 rundballar på gbnr. 422/7, Rikstad og hjorten har skada brorparten. Søkjar har hovudbruk på gbnr. 430/9.



Faktura på innkjøp av gjerde er lagt ved søknad kr. 29.601 ex MVA.

#### **VURDERING:**

Bruk av viltfondsmidler er regulert av FOR-2011-05-15-537, Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. Bakgrunnen er å fremme viltforvaltninga i kommunane.

Fondet kan nyttast til:

- Tilskot til tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller kommunen sjølv.
- Å dekke kommunens utgifter til ettersøk og håndtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.
- Tiltak for å forebygge skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt.

Kommunen vurderer at søknadsformålet oppfyller viltfondets formål og kan difor støttast med midlar frå viltfondet. Sikringsgjerde er et kostnad effektiv middel til sikring imot skada av hjort og til bevaring av fôr kvalitet i rundballane. Gardsbruket ligger i eit område av kommunen med stor hjortebestand og skades nivå på landbruksnæringa.

Bonden har grasproduksjon på fleire lokalitetar på Radøy og gjerdet kan brukast kor det best passer inn driftsmessigt med omsyn til plass for oppmagasinering.

#### **Regelverk**

For-2011-05-15-537, Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/24402

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Morten Christensen

Vågenesvegen 100b

5936

MANGER